



Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen

Konkurransesgrunnlag

LOA og FOA del I

Utbetring av stien frå Vetti til brua ved Morkaelvi i Utladalen landskapsvernområde

Saksnr: 2023/3108

Innhald

1	Omfang av anskaffinga	3
1.1	Skildring av anskaffinga	3
1.2	Oppdragsgjevar	3
1.3	Avtalevilkår	4
1.4	Atterhald.....	4
2	Konkurransgrunnlaget si oppbygning.....	4
3	Reglar for gjennomføring av konkurransen	5
3.1	Anskaffingsprosedyre.....	5
3.2	Viktige datoar.....	5
3.3	Spørsmål til konkurransegrunnlaget og krav til kommunikasjon	5
3.4	Rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget	6
3.5	Skatteattest	6
3.6	Offentlegheit og teieplikt	6
4	Kvalifikasjonskrav	6
5	Tildelingskriterium	7
6	Krav til tilbodet.....	8
6.1	Innlevering av tilbod	8
6.2	Innhald og struktur	8
6.3	Vedståingsfrist.....	9
6.4	Avvising av tilbod.....	9

1 Omfang av anskaffinga

1.1 Skildring av anskaffinga

Vettisfossen er Norges høgste frie og uregulerte fossefall, og har trekt turistar til dette området i Årdal kommune sidan tidleg på 1900-talet. Framme på stupkanten har det i over hundre år vore ein utsiktsrampe i tre. (Bilete frå universitetsbiblioteket i Bergen viser at det var ein utsiktsrampe på staden allereie i 1906). Hausten 2022 vart det bygd ei ny utsiktsplattform på kanten av fossejuvet som erstatning for den andre rampa som stod der på vernetidspunktet i 1980.

Turen frå nedre del av Utladalen til utsiktspunktet ved Vettisfossen/Vettismorki og vidare til Skogadalsbøen, følgjer den gamle kløvstien til Vettismorki opp den bratte lia frå Vetti. Under snøsmelting og i nedbørsperiodar skli det jamt ut stein og lausmassar. Det er derfor behov for å stabilisere stitraseen og å leie bort vatn slik at det ikkje oppstår unødig erosjon.

I 2021 var det plassert ut ein ferdselsteljar langs stien frå Vetti gard til utsiktspunktet/Vettismorki, og det vart registrert totalt 6 911 passeringar.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen reknar med at ferdsla på stien vil auke framover med etablering av det nye utsiktspunktet i området.

Det vart utført noko arbeid på stien frå Vetti oppover lia hausten 2021 (sherpaarbeid), men det er behov for å forsterke stien ytterlegare i utsette parti jf. bilete som illustrerer korleis dei aktuelle partia framstår i vedlegg D. I desse punkta er det behov for utbetring for å minske slitasten på stien og for å minimere erosjonsskader. Det er no behov for supplerande tiltak som:

- Forsterke stien, og å hindre utglidingar i traseen, t.d. under eksisterande trinn og på kanten av stien
- å legge nye trinn
- å legge stien inn i bakken der han har sige ut
- å leia vekk vatn frå stien
- å legge «stepstones» i særleg våte parti
- istandsetting/oppbygging av murar

For nærare skildring av behova og krav til ytinga, sjå vedlegg D.

Dersom arbeidet kan utførast før oppstart av turistsesongen 2023 har oppdragsgjevar moglegheit for å leige husvære for leverandør.

1.2 Oppdragsgjevar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen v/Statsforvaltaren i Innlandet er oppdragsgjevar for anskaffinga. Nasjonalparkstyret er forvaltingsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde.

Nasjonalparkstyret er representert med politikarar frå kommunane Lom, Luster, Vang, Vågå og Årdal og frå fylkeskommunane Innlandet og Vestland.

Nasjonalparkstyret skal forvalte verneområda i samsvar med internasjonale plikter, naturmangfaldlova og verneforskriftene for verneområda. Styret har ansvar for ei heilskapleg og kunnskapsbasert forvaltning av verneområda, der hovudoppgåva er ivaretaking av verneverdiane og verneføremålet. Det kan leggjast til rette for verdiskaping knytt til verneområda, under føresetnad av at bruken ikkje går ut over verneverdiane.

Det er tilsett to nasjonalparkforvaltarar som sekretariat for styret. Desse har kontor plass ved forvaltingsknutepunkta på Rådhuset i Gaupne, Luster, og ved Norsk Fjellsenter i Lom.

Anskaffinga blir gjennomført av oppdragsgjevar. Avtalen vil bli inngått av oppdragsgjevar.

Kontaktpersonar for oppdraget:

Nasjonalparkforvaltar Kari Sveen – økonomi og avtalevilkår

Nasjonalparkforvaltar Eldrid Nedrelo – praktisk gjennomføring, i samarbeid med SNO-Jotunheimen og Utladalen

1.3 Avtalevilkår

For dette oppdraget gjeld avtalevilkåra i vedlegg E.

1.4 Varigheit

Arbeidet skal fortrinnsvis vere ferdig og avslutta innan 15. juni 2023.

Om ikkje arbeidet kan ferdigstillast innan 15. juni, må arbeidet utsetjast til hausten av omsyn til turistsesongen i området. Arbeidet må seinast vere avslutta innan 20. oktober 2023.

1.5 Atterhald

Tilretteleggingstiltak i regi av nasjonalparkstyret vert finansiert gjennom årlege løyvingar frå Miljødirektoratet. Det blir teke atterhald om naudsynt finansiering av prosjektet. Oppdragsgjevar vil ha sakleg grunn til å avlyse oppdraget dersom det ikkje blir løyvd midlar som sikrar full finansiering.

2 Konkurransesgrunnlaget si oppbygning

Konkurransesgrunnlaget har følgjande dokument:

- Konkurransesgrunnlag (dette dokumentet)
- Vedlegg A: Tilbodsbrev, mal
- Vedlegg B: Forpliktingserklæring, mal
- Vedlegg C: Atterhald og avvik, mal
- Vedlegg D: Tilstandsrapport med skildring av behov og krav til ytinga
- Vedlegg E: Avtalevilkår

3 Reglar for gjennomføring av konkurransen

3.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i medhald av lov om offentlige anskaffelser av 17. juni 2016 nr. 73 (LOA) og forskrift om offentlige anskaffelser av 12. august 2016 nr. 974 (FOA) del I.

Oppdragsgjevar planlegg å tildele kontrakt utan å ha kontakt med leverandørane utover å gjere eventuelle mindre avklaringar/korrigeringar av tilboda.

3.2 Viktige datoar

Oppdragsgjevar har lagt opp til følgjande tidsramme for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	12.04.23
Frist for å levere tilbod	24.04.23 kl. 12:00
Tilbodsopning	24.04.23 kl. 14:00
Evaluering	Veke 17-18
Val av leverandør og melding til leverandør	5. mai
Utløp karenperiode	15. mai
Inngå avtale	Veke 20
Tilbudet sin vedståingsfrist	30. november 2023, kl. 23.59

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter fristen for å levere tilbod er foreløpige og vil kunne endrast. Ei eventuell forlenging av vedståingsfristen kan berre skje dersom leverandøren godkjenner dette.

3.3 Spørsmål til konkurransegrunnlaget og krav til kommunikasjon

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing, kan ein skriftleg be om tilleggsopplysningar hjå oppdragsgjevar ved oppdragsgjevar sin kontaktperson. I denne samanheng blir det vist til fristen for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget i pkt. 3.2 ovanfor. Spørsmål som blir mottekne etter denne fristen vil bli handsama etter beste evne, men kan ikkje påreknast å få svar. Tilleggsinformasjon, spørsmål og svar, blir formidla anonymt og likt til alle som melder interesse for oppdraget på e-post.

Konkurransesgrunnlaget med vedlegg vil vera tilgjengeleg på nasjonalparkstyret sine heimesider; <https://www.nasjonalparkstyre.no/jotunheimen/>

Leverandørane blir oppmoda om å setja seg grundig inn i konkurransedokumenta. Dersom det blir oppdaga feil, manglar, utelatingar eller om noko er uklart i konkurransesgrunnlaget med vedlegg skal dette formidlast til oppdragsgjevar via oppgjeven kontaktperson så snart som råd.

3.4 Rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransesgrunnlaget

Før tilbudsfristen har gått ut, kan oppdragsgjevar gjere rettingar, suppleringar og endringar av konkurransesgrunnlaget som ikkje er vesentlege. Slike rettingar, suppleringar og endringar vil evt. bli formidla til alle leverandørar via e-post og på heimesida til nasjonalparkstyret.

3.5 Skatteattest

Oppdragsgjevar vil krevje at den valde leverandøren leverer skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Dette gjeld berre dersom den valde leverandøren er norsk. Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå fristen for å levere tilbod.

3.6 Offentlegheit og teieplikt

For innsyn frå ålmenta i dokumenta knytt til anskaffinga gjeld lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd av 19. mai 2006 (offentleglova). Det kan gjerast unntak frå innsyn for tilbod og protokoll til valet av leverandør er gjort, jf. § 23 (3).

Ved gjennomføringa av anskaffinga gjeld reglane om teieplikt i lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker av 2. oktober 1967 (forvaltningsloven). Oppdragsgjevar og han sine tilsette pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold som det vil ha betydning for konkurransen å halde hemmeleg, jf. § 13 (1) nr. 2.

4 Kvalifikasjonskrav

I denne konkurransen stiller vi følgjande krav til leverandøren sine kvalifikasjonar:

Kvalifikasjonskrav	Dokumentasjon
Leverandøren skal vere registrert i eit foretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister.	Firmaattest.
Leverandøren skal ha nødvendige og faglege kvalifikasjonar, som erfaring frå oppdrag som dette kan samanliknast med.	Skildring av leverandøren sine inntil 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 3 åra. Dvs. stiarbeid i terrenget med vekt på skånsam terrengbehandling i sårbar natur. Skildringa må oppgi verdien på oppdraget,

	tidspunkt og mottakar (namn, telefon og e-post.) Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han rår over og kan nytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd medan personellet har utført teneste for ein annan leverandør.
Tilbydaren skal disponere tilstrekkeleg kapasitet, utstyr og kompetanse til å utføre oppdrag på delkontraktar som tilbydar leverer tilbod på.	Skildring av bemanning i foretaket, utstyr og organisering med omsyn til å levere i forhold til arten av oppdraget.
Tilbydar må skildre kva ressursar som skal utføre arbeidet, kva kompetanse desse har.	Ei skildring av leverandøren sine tilgjengelege tekniske ressursar til å utføre arbeidet. Dette inneber dokumentasjon på erfaring med manuelt arbeid på sti og murarbeid (tørrmuring). Evt. kursdeltaking/-bevis på slikt arbeid kan leggest ved.

5 Tildelingskriterium

Oppdragsgjevar vil velje tilbod på grunnlag av det beste forholdet mellom pris og kvalitet, basert på følgjande kriterium:

Tildelingskriterium	Vekt	Dokumentasjon
Pris	40 %	Leverandør skal skildre kostnader fordelt på ulike deler i oppdraget. Timepris manuelt arbeid Tilgjengeleg utstyr som tilbydar stiller med Personell
Kvalitet og løysingsforslag	30 %	CV for sentrale medarbeidarar i prosjektet, som anleggsleiaren. CV skal innehalde opplysningar om utdanning, kompetanse/erfaring frå tidlegare stiarbeid. Kort skildring av utstyr og arbeidsmetodar som blir lagt til grunn for å løyse oppdraget, jf. oppdragsskildringa.

		Denne bør også sei noko om moglege utfordringar knytt til gjennomføringa.
Levering, prosess og framdrift	30 %	Tilbydar skal skildre anslått tidsplan for gjennomføring av oppdraget slik at oppdragsgjevar ser når arbeidet skal utførast. Framdriftsplanen bør vise progresjon i arbeidet innan tilgjengeleg budsjettsum på kr. 400 000,- som er sett av i 2023.

6 Krav til tilbodet

6.1 Innlevering av tilbod

Tilbod skal leverast pr. e-post til

sfinpost@statsforvalteren.no og kari.sveen@statsforvalteren.no med kopi til

fmsfene@statsforvalteren.no innan tilbudsfristen gitt i pkt. 3.2. Tilbod skal ikkje leverast i papirformat.

Tilbod skal utformast på norsk.

6.2 Innhald og struktur

Tilbod skal leverast med følgjande innhald og struktur:

Dokument	Forklaring
1. Tilbudsbrief	Tilbudsbriefet må fyllast ut og signerast av ein person som har fullmakt til å pådra leverandøren forpliktingar. Leverandøren må vedstå seg sitt tilbod til det tidspunktet som er oppgitt i pkt. 3.2. Nytt mal i vedlegg A .
2. Dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrav etterspurt i pkt. 4.	Vi gjer merksam på at leverandørar som ikkje oppfyller kvalifikasjonskrava vil bli avvist.
3. Forpliktingserklæring	Dersom leverandøren støttar seg på kapasiteten til andre verksemdar for å oppfylle kvalifikasjonskrava, skal han dokumentere at han rår over dei nødvendige ressursane ved å legge fram ei

	forplikingserklæring frå desse verksemdene. Nytt mal i vedlegg B .
4. Atterhald og avvik	Leverandøren skal levere ei liste over avvik (herunder atterhald) basert på malen i vedlegg C . Vi gjer merksam på at tilbod som inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta vil bli avvist.
5. Dokumentasjon på oppfylling av tildelingskriterium etterspurt i pkt. 5 (med unntak av pris).	Leverandøren sitt svar vil danne grunnlag for tildeling av kontrakt i tråd med tildelingskriteria gitt i kap. 5.
6. Pris	Vi ber om tilbod i tråd med spesifikasjonar i konkurransegrunnlaget. Leverandøren sine svar vil danne grunnlag for tildeling av kontrakt i tråd med tildelingskriteria gitt i kap. 5.

6.3 Vedståingsfrist

Leverandøren må vedstå seg sitt tilbod til det tidspunktet som er gitt i pkt. 3.2 ovanfor.

6.4 Avvising av tilbod

Det blir gjort merksam på at tilbod som inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta skal avisast etter LOA § 4. Oppdragsgjevar kan avvise tilbod som inneheld avvik frå anskaffingsdokumenta, om noko er uklårt eller liknande som ikkje må sjåast som ubetydelege. Oppdragsgjevar kan også avvise tilbod som ikkje oppfyller krava til utforming som oppdragsgjevar har sett.

Leverandøren blir difor på det sterkaste oppmoda om å følgje dei retningslinene som er gjeve i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg, og eventuelt stille spørsmål om noko er uklårt.